



Til topps på Skorpo!

Kvinnherad sogelag har no fått eige heimeside, www.kvinnheradsogelag.no og der finn ein oversikt over aktivitetane og dei 15 årbøkene laget har gjeve ut. Nummer 16 kjem i november og 2 tema vert Skorpo og husmorlaga.

Heimesida kan også enkelt nyttast hvis ein vil melda seg inn i laget.



[Gudsteneste i friluft på Skorpo](#)

Ein artikkel om Skorpo får overskrifta

Skorpo - øya i det blå.

Naturleg nok handlar mykje om familien Langballe som har hatt tilhald der sidan 1835.

Den har dansk opphav, vart rekna til overklassen og hadde lenge eit særpreg - noko Ragna Langballe Hjelmeland fortel om. Ho fortel også om dramatiske aprildagar i 1940 då øya hadde stor strategisk betydning på grunn av telefonlinja.

Øya har og sett spor i litteraturen ettersom Herbrand Lavik budde der ei tid i krigsåra.

Redaksjonen finn det også naturleg å løfta fram husmorforbundet og deira mange lag her ved 100-årshøgtida for full røyserett for kvinner. Sunde og Halsnøy vart først skipa av 16, begge i 1936. Stordomstida var dei første 10 åra etter krigen

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen